

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

**Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp)** sette på vegner av Frp og FNb fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget i Vestland sluttar seg ikkje til framlegget om å heva bompengetakstane for Førdepakken, og ber om at reduserar prosjektporteføljen for å få ned kostnadane i pakken, slik føresetnaden var i bompengesøknaden frå 2013.»

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Med kostnadssprekk og inntektssvikt meiner Vestland fylkesting det er behov for å vurdere dei ulike tiltaka i Førdepakken og rekkefølgja på gjennomføring. Vurderinga må skje på grunnlag av oppdaterte trafikkanalyser der det vert teke omsyn til klimatiltak, utvikling i kollektivtilbodet og teknologiutviklinga. Det må leggest til grunn at fleire skal gå og sykle i Førde sentrum i framtida.

Fylkestinget viser også til vedtak i Sunnfjord kommunestyre den 30.4.2020 om å vurdere «kostnadsreduserande grep t.d. om element kan takast ut».

### **Avrøysting**

Djuvik sitt forslag fekk 14 røyster (Frp, FNB, R) og fall.

Berthelsen sitt forslag fekk 19 røyster (Frp, 2FNB, MDG, SV, R) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 15 røyster (Frp, FNB, R, Pp).

### **Vedtak**

Fylkestinget i Vestland sluttar seg til framlegget om å heve bompengetakstane med 4 kroner for taksgruppe 1 og 7 kroner for taksgruppe 2 for Førdepakken.